

Folkeaksjonen Mot 300 kV/420 kV Luftspenn i Nordhordland
(FMLN)

Det Kongelige Olje- og Energidepartement
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Dykkar ref
08/01497-19

Dato:
5939 Sletta 12.mai 2011

300 kV (420 kV) kraftledning Mongstad-Kollsnes. Høyring vedk NVE si innstilling av 31.januar 2011.

Det vert synt til skriv frå OED, dagsett 21.mars 2011.

Folkeaksjonen Mot 300 kV Luftspenn i Nordhordland (heretter kalla FMLN) vil uttala fylgjande:

- **FMLN syner til fråsegn i saka av 01.02.2010, og står fast på at kabling av heile linja er den einaste løysinga i det sårbare kystlandskapet denne linja er planlagt.** FMLN er storleg overaska over at NVE i si innstilling har føreslått den mest konfliktfulle av dei trasear det er sok om. FMLN kan ikkje sjå at det er skilnad på argumentasjonen for kabling i denne saka i høve til det som var sagt i samband med kabling i Øygarden av linja Fana-Kollsnes (28.jan 1994 frå Nærings- og Energidepartementet). **Kraftlinja Mongstad-Kollsnes må kablast heile vegen. Endra traseaval på nokre strekningar endrar ikkje vår haldning til prosjektet.**
- **FMLN vil som nærare grunngjeving for vårt standpunkt ma syna til fylgjande:**
- Konsekvensanalysane for landskap og biologisk mangfall syner stor til middels/stor for deler av dette alternativet. For landbruk og friluftsliv er konsekvensane middels/middels til stor for deler av linja. Det er og det innstilte alternativ som ligg nærast og kjem i konflikt med hus/hytter/industri. FLMN vil i tillegg understreka at kvaliteten på konsekvensutgreiingane er mangelfulle på fleire fagområder. Det gjeld både landbruk, landskap, friluftsliv og biologisk mangfold. Vår konklusjon er at innstilte linje vil vera med og utsyrda mange raudlistartar i vår region.
- Magnetfelt langs kraftlinja. Det innstilte alternativ kjem klart dårlegaste ut når det gjeld registrerte bygg innan grensa kor dagens forvaltningsstrategi krev vurdering av tiltak. Dette er fullstendig bagatellisert, noko som etter

FMLN si meining er heilt uhaldbart. Her må føre-var prinsippet vera styrande, og det tilseier kabling av linja.

- Kulturminner. Linjeframføringa (alt 3) går over Rappeneset – Fosnstraumen(Radøy-Austrheim). I dette området er kjent eit stort tal buplassar frå steinalderen, og store deler av arealet langs Fosnstraumen er i kommuneplanen for Radøy bandlagt etter lov om kulturminne. For FMLN er det då uforståeleg at NVE nærast kan bagatellisera dette faktum. Det er eit faktum at kraftlinja kjem i konflikt med fleire automatisk freda kulturminne. Det vil truleg og vera tilfelle for det meste av innstilt luftspenn, då store deler er planlagt i eit kystlandskap som nok var rom for svært attraktive buplassar i steinalderen. Linja vil og vera direkte skjemmande i høve til nyare tids kulturminne, jfr negativ verknad for Den indre farleia med sine mange sjøbruksmiljø.
- NVE si innstilling er ikkje prioritert av nokon lokal innstans, korkje søkjær, lokale politiske styresmakter i kommunane, Fylkesmannen, Fylkeskommunen, naturvern-/friluftsorganisasjonar, turlag, folkeaksjonen, grunneigarar – kort sagt alle som lever, virkar og bur i det område linja er planlagt. FMLN registererer at NVE ikkje er villjug til å ta noko som helst omsyn til det særslig høge konfliktnivået som deira innstilling medfører. Det er rett og slett oppsiktsvekkjande at NVE ikkje har noko som helst vilje til å høyra på alle dei som brukar tid og krefter på å uttala seg. Heile regionen er samstemt i synet på at kabling er det beste(einaste) alternativet.
- FLMN finn det og rett å syna til samanhengen mellom denne saka og saka om kraftforsyning til Troll A. Tilrådd løysing frå NVE er kraftforsyning frå Kollsnes, og vil vera sikra innan naudsynte fristar. FLMN vil på det sterkeste åtvara mot at denne løysinga vil framstå som eit pressmiddel for å pressa fram konfliktfylte løysingar for kraftlinja Mongstad-Kollsnes grunna tidspress.
- FMLN syner og til skriv av 26.januar 2010, underskrive av Vigdis Villanger, styremedlem i FMLN. Dette omtalar den totale belastninga som regionen har som fylgje av omfattande utbyggingar. Hovudgrunnen til dette er utvinning av petroleum i Nordsjøen, noko som tener storsamfunnet langt utover regionen Nordhordland. FMLN vil sterkt streka under desse tilhøva, og finn kabling av omsøkte kraftlinje som eit både rettkomme og lite krav i denne samanheng.

KONKLUSJON:

FMLN står fast på kravet om kabling av kraftlinja Mongstad-Kollsnes. Kommunane og folket i Nordhordland/Øygarden står 100% bak dette kravet.

Kabel i sjø/jord er ei framtidsretta løysing, som tek omsyn til ”føre-var prinsippet”.


Framføring av eit luftspenn i eit så spesielt område vil verka svært negativt på miljø, naturkvalitetar, dyre- og fugleliv og friluftsinteresser.

Det må då og vurderast samlokalisering med annan infrastruktur (vassforsyning/veg). Heile regionen er samstemt om dette, og det er både oppsiktsvekkjande og eit hån mot lokaldemokratiet om ikkje OED tek omsyn til dette kravet.

FMLN KREV SÅLEIS AT OED UTGREIAR EIT ALTERNATIV MED KABLING FOR HEILE KRAFTLINJA MONGSTAD-KOLLSNES

Vyrdsamt

Folkeaksjonen Mot Luftspenn i Nordhordland



Olav Steinar Namtvedt

Styreleiar

Vedlegg:

1. Møte med NVE 27.10.09 – Innspel
2. FMLN sitt høyringsskriv til NVE av 01.02.2010
3. Tankar omkring kraftledningen frå Mongstad til Kollsnes

Adresse:

FMLN v/Olav Steinar Namtvedt
Slettevegen 815
5939 Sletta

Tlf: 56372161/91380694
e-post: olav-na@online.no

Folkeaksjonen Mot 300 kV Luftspenn i Nordhordland
(FMLN)

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091, Majorstuen

0301 OSLO

Dykkar ref
200701300-178 kn/tcm

Dato:
5939 Sletta 01.februar 2010

300 kV (420 kV) kraftledning Mongstad-Kollsnes. Høyring vedk tilleggsutgreiing/endringssøknad.

Det vert synt til skriv med vedlegg frå NVE, dagsett 14.desember 2009.

Folkeaksjonen Mot 300 kV Luftspenn i Nordhordland (heretter kalla FMLN) vil uttala fylgjande:

FMLN kan ikkje sjå at tilleggsutgreiinga og endringssøknaden endrar FMLN sitt opphavelege standpunkt i saka. Kraftlinja Mongstad-Kollsnes må kablast heile vegen. Endra traseaval på nokre strekningar endrar ikkje vår haldning til prosjektet.

For grunngjeving av vårt standpunkt vert synt til innspel i sanband med NVE si synfaring 27.oktober 2009.(vedlagt denne uttalen).

Vidare legg FMLN ved skriv av 26.januar 2010, underskrive av Vigdis Villanger, styremedlem i FMLN. Dette omtalar den totale belastninga som regionen har som følge av omfattande utbyggingar. Hovudgrunnen til dette er utvinning av petroleum i Nordsjøen, noko som tener storsamfunnet langt utover regionen Nordhordland. FMLN vil sterkt streka under desse tilhøva, og finn kabling av omsøkte kraftlinje som eit både rettkomme og lite krav i denne samanheng.

FMLN vil vidare peika på fylgjande:

- Omlegging til 420 kV.
 - Dette er ei vesentleg endring i høve opprinneleg konsesjonssøknad, og burde i seg sjølv vera grunnlag for ny søknad med fullstendig konsekvensutgreiing. Økonomien i prosjektet vert betre, og argumentet for kabling heile vegen vert styrkt.
- Sjøkabel heile vegen.
 - Primært ønskjer FMLN sjøkabel om lag heile vegen. Det meste av kabelen(2/3) må uansett i sjø, og meirkostnaden med sjøkabel er liten i den store samanhengen. Med sjøkabel kan dessutan arbeidet starta med ein gong, då me unngår den lange sakshandsamingstida eit luftspenn vil medføra. Både petroleumsverksemda og straumprodusentane vil vera tent med det.
 - FMLN krev at NVE konsekvensutgreiar alternativet med sjøkabel Jordkabel, samlokalisert med veg/vatn, der dette er mogeleg, må vera alternativet der ledningen evt vert lagt over land. Når det frå NVE/BKK vert argumentert med auka kostnader ved brot/skade, vil FMLN minna om at 2/3 av kraftlinja Mongstad-Kollsnes uansett skal gå i sjø. Argumentasjonen her kan såleis etter FMLN si vurdering ikkje tilleggjast

særleg vekt. Sjøkabelalternativet må difor utgriast før NVE tek stilling til konsesjonssøknaden frå BKK. Noverande søknad må avvisast no.

- Krav om anleggsbidrag.
 - NVE peikar på at dei etter lova ikkje kan krevja anleggsbidrag for prosjektet. Det må då minnast om at det er tvillaust at prosjektet er utløyst av olje- og gassnæringa, som er ein heilt sentral del av aktivitetane i Nordsjøen og på Mongstad/Kollsnes. Det kan ikkje vera rett at folket i Nordhordland/Øygarden åleine skal "betala" for denne verdiskapinga;jfr vedlagte skriv vedk totalbelastninga i regionen. Heile lokalsamfunnet(politikarar, folk flest) krev difor kabling av heile traseen. FMLN ventar at næringslivet betalar for kabling(anleggsbidrag). Ein ECON-rapport som vart lagt fram i fjor konkluderer og med at det ikkje vil vera urimeleg.
 - BKK har i si oppdatering av lønnsemada i prosjektet tatt inn ein ny post, "ikke realisert ny produksjon". Så vidt me skjønar, kan dette vera avgjerande for lønnsemada i prosjektet. Dette vil , om me skjønar det rett, føra til at det omsøkte tiltaket på sikt kan verta meir og meir lønnsamt. Det underbyggjer at kravet om anleggsbidrag frå dei som "utløyser" prosjektet må vera rettkome.

Konklusjon:

FMLN står fast på kravet om kabling av kraftlinja Mongstad-Kollsnes. Kommunane og folket i Nordhordland/Øygarden står 100% bak dette kravet. Opphaveleg søknad og endringssøknad frå BKK må difor avvisast. NVE må gje BKK pålegg om å søkja om sjøkabel/evt kombinert med jordkabel, for strekkja Mongstad-Kollsnes. FMLN vil vidare krevja at NVE ber sentrale styresmakter vurdera spørsmålet om anleggsbidrag. Grunnlaget for dette er fullt ut til stades i denne saka. Det er tvillaust slik at petroleumsverksemada vil ha avgjerande nytte av denne kraftlinja, både no og ikkje minst ved omlegging til 420 kV. Kabel i sjø/jord er ei framtidsretta løysing, som tek omsyn til "føre var prinsippet". Framføring av eit luftspenn i eit så spesielt område vil verka svært negativt på miljø, naturkvalitetar, dyre- og fugleliv og friluftsinteresser.

FMLN vil til slutt understreka at me ikkje er motstandarar av auka nettkapasitet Mongatad.Kollsnes, men krev at folket i Nordhordland/Øygarden vert tatt på alvor når det gjeld deira unisone krav:

Kraftlinja må kablast heile vegen.

Vyrdsamt

Folkeaksjonen Mot Luftspenn i Nordhordland

Olav Steinar Namtvedt(s)
Styreleiar

Vedlegg: - Møte med NVE 27.10.09 – Innspel
- Tankar omkring kraftledningen frå Mongstad til Kollsnes

Folkeaksjonen Mot 300 kV Luftspenn i Nordhordland

300 kV Kollsnes – Mogstad

MØTE

med

NVE

Flesland

27.oktober 2009

Folkeaksjonen Mot 300 kV Luftspenn i Nordhordland (FMLN)

v/Olav Steinar Namtvedt

5939 Sletta

tlf 91 38 06 94

www.fmln.no

Møte med NVE tirsdag 27. oktober 2009.

Stad: Flesland
Tid: kl 08.30 – 09.30

Folkeaksjonen Mot 300 kV Luftspenn i Nordhordland (FMLN)

FMLN arbeidar for:

- **Nei til luftspenn**
- **Kabel i jord/sjø heile vegen**

Kvifor ?:

- Sårberrt Kystlandskap – svært ope, der eit luftspenn vil vera synleg på lang avstand
- Bandlegging av store areal:
 - Jord/skog, biologisk mangfald, fugl, budstader/nybygg, turterreng
 - Verdiforringing
 - Folkerikt område – helserisiko
 - 2/3 av kabelen i sjø etter BKK sitt prioriterte alternativ
- **MILJØ – HELSE – TRYGGLIET**
- **Bruk ”Føre var prinsippet”**

SAMLA KRAV FRÅ KOMMUNANE, ORGANISASJONAR OG ALT FOLKET

Korleis ?:

- Fokus på landskapsverdiar
- Totalbelastningen i regionen
- Ny kabelpolitikk, -jfr Danmark
- Ny kostnadsdeling
- Tverr-departementalt samarbeid

ESTETIK ---- ETIKK

- Kolossal belastning på lokalmiljøet
 - Sløvåg – Mongstad – Server – Fedje – Sture – Kollsnes
 - Stor trafikk: Båt --- Bil (på därlege vegar)
- ECON –rapport frå uli 2008: Rimeleg å vurdera anleggsbidrag frå dei som i hovudsak utløyser nye linjer.
 - Oljeindustrien utløyser denne linja
- Kostnadsbilete:

• Prioritert alternativ (frå BKK):	668 mill
• Kabel heile vegen:	<u>1.031 ”</u>
• Skilnad:	<u>363 mill</u>
• Liten prisskilnad	

- Ikkje tatt omsyn til:
 - Landskapsverdiar – buverdiar – friluftsverdiar(nærområde for 250-300.000)
 - Samordning av infrastrukturtiltak (linje-vatn-veg)
 - Kostnad avbøtande tiltak
 - Tidsperspektivet
 - St.prp 62: Om endringar i energilova
 - Kabling skal vurderast i alle saker
 - Riksrevisjonen (2006-07): -berekraftig utvikling
 - 420 kV aukar nytteverdien
- **Kva må sjåast på:**
 - **Øygarden** – god illustrasjon på luftspenn kontra kabel (Fjell –Øygarden)
 - Same terreng heile vegen
 - **Radøy**
 - Kuvågen – våtmarksområde
 - Børmarka – biologisk mangfall-fugl(raudlista)-dyreliv – turterrenge
 - Mjøs – Straume: - i himmelsynet, -jordbruk, -bustader, -kryssar lengdedraga i terrenget/over sjøen
 - Rappeneset –Saltvika: Kulturminner heile vegen
 - **Austrheim** Eitt alternativ over holmar/sund/vikar - Bakka
 - Svært dominerande i landskapet
- **Lindås**
 - Tytebærneset
 - Risa – Hope – Mongstad
 - Nær bustader
 - Jordbrksareal med mer
 - Svært dominerande i landskapet
- Generelt
 - Synfaring uten representantar frå FMLN ???
- **KONKLUSJON:**
 - **KONSESJONSSØKNADEN MÅ AVVISAST**
 - **OPPGRADERING TIL 420 kV – ENDRA KONSEKVENSAR**
 - **KABELALTERNATIV MÅ UTGREIAST NÆRARE -- JORD/SJØ/SAMLOKALISERING/ANLEGGSBIDRAG**
 - **TA NYE SIGNAL OM AT ALLE PROSJEKT SKAL UTGREIAST FOR KABLING PÅ ALVOR**
 - **REALITETSHANDSAMING AV KABELALTERNATIV**
 - **KORTE STREKK – 2/3 ALT I SJØ; JFR BKK SITT PRIORITERTE ALTERNATIV**
 - **KABLING SAMFUNNSØKONOMISK LØNSAMT**
 - **TA OMSYN TIL LOKALDEMOKRATIET**

Tankar omkring kraftleidningen frå Mongstad til Kollsnes.

Eg kjenner ei sterk trang til å skriva ned tankane mine når det gjeld forslaget om å byggja høgspentmaster frå Mongstad til Kollsnes over Radøy.

Eg vert so oppgitt, skuffa og frustert over at denne vesle fliken av Norgeskartet, der eg og mine lever, bur og arbeidar, skal ta nærsagt storparten av ulempene med utviklinga av velferdssamfunnet vårt. Frå før har me store utslepp bådet til luft og sjø frå Kollsnes, Sture og frå Mongstad. Desse stadene ligg med berre nokre fåe kilometers mellomrom og Radøy ligg midt mellom dei. Mongstad har i dag det største enkeltutsleppet i Norge – ca. 1 mill. tonn CO₂ rett ut i lufta kvart år. Med det nye gasskraftverket på Mongstad aukar utsleppa av miljøfarlege gassar.

I denne delen av Nordhordland har me også det største «tankskipsvégkrysset» i Norge – rett utanfor Fedje og Radøy. Her kryssar årleg omlag 700 tankbåtar, frå Sture og Mongstad, som lastar 100 000 tonn olje eller meir. Med «Server» ulukka friskt i minne så treng eg ikkje skriva meir enn at dette er ein risiko som me må leva med.

Vidare har me u-båtvaket som ligg utanfor Fedje og trugar med kvikksølvet sitt og så har me Vest Tank ulukka i Sølvåg.

Som om dette ikkje er nok så ligg det også inne søknad om konsesjon for vindmøllerpark på Mjøs på Radøy.

So vil eg også berre nemna at det er mykje høgare førekommst av krefttilfelle i Nordhordland enn ellers i landet. Eg vil understreka at dette ikkje er forska på eller bevist vitenskapeleg, men det er uttalt frå legehald.

Det saka gjeld no er om den nye kraftlinja skal gå i jord-/sjøkabel eller luftspenn over Radøy.

Det virkar ikkje som nokon har det overordna ansvaret med kor mykje forsøplande industri, både visuelt og miljømessig, ein kan pressa inn på eit svært lite geografisk område. Difor seier me stopp no - nok er nok, ver så snill, høyr på oss- legg heile kraftleidningen i kabel – helst i sjøen. Eg synest ikkje at det er for mykje å be om, for me har teke og tek vår del av baksida av velferdsutviklinga i Norge.

På vegne av Folkeaksjonen mot luftspenn i Nordhordland

Vigdis Villanger.